

Saksbehandlar: Nils Geir Myrkaskog, Fylkesrådmannen  
 Sak nr.: 17/7217-2

## **Konsesjonskraft - vurdering av sikringsstrategien**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slik vedtak:**

Sikringsstrategien vert endra til:

### **SIKRINGSSTRATEGI**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein treårig sikringsstrategi for sal av konsesjonskraft. Av totalt tilgjengeleg konsesjonskraftvolum skal 80% prissikrast i samsvar med prinsippa i denne prissikringsstrategien.  
  
3 års sikringshorisont betyr at ved inngangen til eit nytt år vil vi ha prissikra 80 % av konsesjonskraftvolumet for dette året. Vi vil samtidig ha prissikra 2/3 av eit tilsvarande volum for «år 2» og 1/3 av eit tilsvarande volum for «år 3».
2. Sikringshandelen skal skje innafor kvart kvartal i ei løpande rullering med like deler kvart kvartal. Det sikra volumet skal for fyrste år i perioden vere best mogleg tilpassa profilen til månadsblokkmodellen.
3. Valutasikring vert gjort parallelt med all sikringshandel.
4. Handelen skjer etter ordre.
5. Det vert gjeve høve til å avvike frå den vedtekne normalstrategien dersom prisprognosen til Markedskraft og marknadsprisen avvik slik at dette vert vurdert som hensiktsmessig. Følgjande kriterium skal liggja til grunn for å avvika frå normalstrategien:
  - Avviket mellom Markedskrafts prisprognosar og marknadsprisen for den aktuelle perioden skal være minimum 3 euro.
  - Dersom avviket blir mindre enn 3 euro, skal prissikringsstrategien normaliserast igjen.
  - Ein kan avvike med inntil 75% av planlagt prissikringsvolum.
  - Ved inngangen til kvart kvartal skal ein være ajour med normalstrategien sitt volum. Ein kan altså ikkje liggja med avvik frå normalstrategien gjennom eit kvartal som er i levering.
  - Fylkesrådmannen får fullmakt til å ta avgjerd om å avvike frå normalstrategien.
6. Områderisiko skal normalt ikkje sikrast. SFFK skal bli førelagt ein tertialvis rapport som viser status for denne "opne posisjonen" for det tertialet som er tilbakelagt og som viser prognosar for dei neste tertiala.

### **Vedlegg:**

Ny sikringsstrategi.

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Samandrag

### 2. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommunen overtok forvaltninga av konsesjonskraft i 2011. Tidlegare var det SFE som forvalta konsesjonskrafta for oss. I 2011 vart konsesjonskrafta selt på årskontrakt der Kommunekraft as bistod oss med gjennomføringa av salet.

Frå våren 2011 har Sogn og Fjordane fylkeskommune hatt Markedskraft asa som forvaltar. I samråd med dei vart det utarbeidd ein risikostrategi for forvaltninga av konsesjonskraft. Denne risikostrategien vart handsama av fylkestinget i FT-sak 41/11.

I FT-sak 24/12 reviderte fylkestinget den delen av risikostrategien som tek føre seg prissikring, sikringsstrategien. Gjeldande sikringsstrategi er slik:

#### SIKRINGSSTRATEGI

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune går over til ein treårig sikringsstrategi for sal av konsesjonskraft.
2. Når den nye strategien er fullt innført, dvs. ved inngangen til 2015, vil vi ha prissikra 80 % av konsesjonskraftvolumet for dette året. Vi vil samtidig ha prissikra 2/3 av eit tilsvarande volum for «år 2» (2016) og 1/3 av eit tilsvarande volum for «år 3» (2017).  
  
I overgangsperioden fram til full innføring skal vi ha prissikra 60 % ved inngangen til 2013 og 70 % ved inngangen til 2014. Også for desse åra skal vi for «år 2» og «år 3» ha prissikra 2/3 og 1/3 av det volumet som vert sikra første året i dei treårige sikringsperiodane.
3. Sikringshandelen skal skje innafor kvart kvartal i ei løpande rullering med like deler kvart kvartal. Det sikra volumet skal for fyrste år i perioden vere best mogleg tilpassa månadsblokkmodellen.
4. Valutasikring vert gjort parallelt med all sikringshandel.
5. Handelen skjer etter ordre.
6. Det vert gjeve høve til å avvike frå den vedtekne normalstrategien dersom prisforventningane i Markedskraft sin modell avvik meir enn 3 Euro frå marknadsprisen. Ein kan da anten auke eller redusere allereie sikra volum med inntil 30% av volumet i aktuell periode. Fylkesrådmannen får fullmakt til å ta ei slik avgjerd.
7. Områderisiko skal normalt ikkje sikrast. SFFK skal bli førelagt ein tertialvis rapport som viser status for denne "opne posisjonen" for det tertialet som er tilbakelagt og som viser prognosar for dei neste tertiala.

Fylkesrådmannen skisserte i FT-sak 56/17 «Økonomiplan 2018-21» at han ville kome attende til ei vurdering av sikringsstrategien for forvaltninga av konsesjonskrafta. Som grunngeving for dette skreiv fylkesrådmannen m.a.:

*«Prognosen på konsesjonskraft i planperioden ligg førebels i underkant av 40 mill. kr/år. Fylkesrådmannen ser at prognosen vert sterkt påverka av den sikringsstrategien fylkeskommunen legg til grunn. Slik prisbiletet på sikring av konsesjonskraft no har vore ei tid, har marknaden prisa kraftleveransar fram i tid gjennomgåande lågare enn marknadsprisen vert på oppgjerdstidspunktet for levering. «Forsikringspremien» for å sikre kraftprisen fram i tid er no relativt høg. Den vedtekne risikostrategien har ein treårig sikringsstrategi for sal av konsesjonskraft. Fylkesrådmannen vil framover gjere ei vurdering av gjeldande sikringsstrategi og vil i den samanheng vurdere både sikringsperiode (i dag 3 år) og sikringsvolum (i dag 80 %).»*

### 3. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen vil peike på at sikringsstrategien, i ein «normal» marknadssituasjon, har fungert godt slik han ligg føre og at ein ikkje bør gjere større endringar. Ein prissikringsstrategi er eit styringsverktøy som, over tid, i størst mogleg grad skal liggja fast, vera robust mot skiftande marknadssituasjonar og vera enkel (lett å etterleva).

Eit tilleggsmoment i saka er den komande regionreforma. Både Hordaland og Sogn og Fjordane fylke er «store» med omsyn til konsesjonskraftomsetjing og ei samanslåing frå 2020 gjer det nødvendig med ein samkøyring av dei respektive strategiar. Dette talar imot å gjere store endringar i vår sikringsstrategi no.

Ved utarbeiding av denne saka har fylkesrådmannen fått råd frå Markedskraft. I ein e-post datert 28 august skriv Markedskraft m.a. følgjande:

*«Et tydelig trekk vi har sett i markedet over lang tid er at markedsprisen på futureskurven på Nasdaq OMX på mer enn et års horisont ligger vesentlig lavere enn Markedskrafts prognoser. En viktig forklaring til avviket er at det for tiden er en overvekt av aktører som ønsker å sikre prisen i det finansielle markedet. Dette skyldes en kraftig utbygning av fornybar energi over de siste årene der mange aktører har sterkt behov/pålegg om å drive aktiv prissikring. Det finnes ikke tilsvarende mengde kjøpere som ønsker å dekke opp forventet forbruk på så lang horisont i markedet og man får dermed en skjevhet som påvirker prisen mer enn fundamentale forhold skulle tilsi. Vi har derfor diskutert en mulig endring i prissikringsstrategien den siste tiden. Hensikten med en ev. endring vil være å hindre at man opprettholder dagens sikringsnivå i et marked som virker lavt priset i forhold til Markedskrafts forventninger. (vår understreking)*

Det finnes mange måter man kan løse dette på:

- Endre lengden på sikringshorisont fra dagens 3 år til en kortere periode.
- Øke fleksibiliteten slik at man har muligheter for å avvike mer.
- Senke sikringsgraden fra dagens 80%
- Opprettholde sikringsstrategi og justere markedsforventninger i en egen tradingportefølje.»

Eit avgjerande moment ved fastsetjinga av eksisterande sikringsstrategi (2012) var behovet for føreseielege driftsrammer. Konsesjonskraftomsetjinga genererte då inntekter på omlag 80 mill. kr årleg som vart nytta i den fylkeskommunale drifta. Store svingingar i desse inntektene var ikkje ønskeleg og dette løyste ein ved å ha ein 3-årig sikringshorisont og 80% sikringsvolum ved inngangen til budsjettåret.

Fylkesrådmannen vurderer behovet for sikring som noko lægre no enn når gjeldande strategi vart utarbeidd. I tillegg til sikringsstrategien har vi også ei sikring ved at vi har innført eit inntektsstak på kor mykje «lokale inntekter» vi brukar i drifta kombinert med bufferfondet som kan nyttast til å møte avvik frå inntektstaket.

Det mest presserande å få vurdert er, slik rådmannen ser det, at sikringsstrategien ikkje i stor nok grad er fleksibel nok til å handtere marknaden slik den har vore frå 2015 og fram til i dag. Fylkesrådmannen vurderer det slik at avviksrommet på 30 %, jf. pkt. 6 i strategien, gjev for lite handlingsrom. Som konsekvens medfører det at vi, slik prisbilete er i dag, må prissikra for store volum 2-3 år fram i tid enn det våre behov for føreseielege rammer tilseier.

Basert på dei drøftingane fylkesrådmannen har hatt med Markedskraft om eventuelle endringar i sikringsstrategien har Markedskraft føreslege slike endringar:

*«Vår anbefaling er å øke fleksibiliteten i sikringsstrategien, men å opprettholde eksisterende sikringshorisont samt sikringsvolum. Utfordringene beskrevet ovenfor handler i stor grad om produkter på lengre sikt. Men på kortere sikt er det fortsatt svært viktig å prissikre for å begrense nedside. Man beholder derfor dagens oppsett, men vi foreslår langt større rom for avvik i strategien. Grunnlaget for å utnytte avviket er som tidligere at markedsprisen på Nasdaq og våre prisforventninger avviker med mer enn 3 euro.*

Sikringsstrategien vert endra til:

## SIKRINGSSTRATEGI

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein treårig sikringsstrategi for sal av konsesjonskraft. Av totalt tilgjengeleg konsesjonskraftvolum skal 80% prissikrast i samsvar med til prinsippa i denne prissikringsstrategien.
 

3 års sikringshorisont betyr at ved inngangen til eit nytt år vil vi ha prissikra 80 % av konsesjonskraftvolumet for dette året. Vi vil samtidig ha prissikra 2/3 av eit tilsvarande volum for «år 2» og 1/3 av eit tilsvarande volum for «år 3».
2. Sikringshandelen skal skje innafor kvart kvartal i ei løpande rullering med like deler kvart kvartal. Det sikra volumet skal for fyrste år i perioden vere best mogleg tilpassa profilen til månadsblokkmodellen.
3. Valutasikring vert gjort parallelt med all sikringshandel.
4. Handelen skjer etter ordre.
5. Det vert gjeve høve til å avvike frå den vedtekne normalstrategien dersom prisprognosen til Markedskraft og marknadsprisen avvike slik at dette vert vurdert som hensiktsmessig. Følgjande kriterier skal liggja til grunn for å avvika frå normalstrategien:
  - Avviket mellom Markedskrafts prisprognoser og marknadsprisen for den aktuelle perioden skal være minimum 3 euro.
  - Dersom avviket blir mindre enn 3 euro skal prissikringsstrategien normaliserast igjen.
  - Man kan avvike med inntil 75% av planlagt prissikringsvolum.
  - Ved inngangen til kvart kvartal skal ein være ajour med normalstrategien sitt volum. Ein kan altså ikkje liggja med avvik frå normalstrategien gjennom eit kvartal som er i levering.
6. Områderisiko skal normalt ikkje sikrast. SFFK skal bli førelagt ein tertialvis rapport som viser status for denne "opne posisjonen" for det tertialet som er tilbakelagt og som viser prognosar for dei neste tertiala.»

Fylkesrådmannen støttar Markedskraft sitt forslag til at det er handlingsrommet for å gjere avvik frå normalstrategien som bør endrast no. Ved å auke avviksrommet frå 30% til 75% vil ein ha eit tilstrekkeleg handlingsrom for å kunne handtere ulike prissituasjonar på ein god måte. Med ein slik justering av sikringsstrategien vil vi ha:

- ein tidshorisont på 3 år – gjev ein viss trygghet for inntekter i økonomiplanperioden.
- eit sikringsvolum på 80% i budsjettåret – gjev god trygghet for inntekter i budsjettåret.
- eit stort handlingsrom dersom det er eit avvik frå normalsituasjonen i marknaden.

I eksisterande strategi har fylkesrådmannen fullmakt til å ta avgjer om å avvike frå normalstrategien. I forslaget frå Markedskraft er dette utegløymt. Denne fullmakta er vesentleg å ha for å kunne handtere konsesjonskraftomsetjinga.

Det er i tillegg gjort nokre redaksjonelle endringar. Avsnitt som omhandla innføringsfasen av sikringsstrategien (2012-2014) er teke ut.

## **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår å endre sikringsstrategien slik Markedskraft føresler med tillegg av eit nytt kulepunkt under pkt. 5: Fylkesrådmannen får fullmakt til å ta avgjerd om å avvike frå normalstrategien.